



# Kinn kommune

## Møtebok

---

<b>Utval:</b>	Kontrollutvalet
<b>Møtestad:</b>	Rådhuset i Måløy, Formannskapsalen
<b>Dato:</b>	08.09.2022
<b>Tid:</b>	Kl. 10:15 - 14:07

---

<b>Følgjande medlemmer møtte</b>	<b>Parti</b>
Helen Hjertaas	Kinn AP
Bjørn Hollevik	Kinn H
Kjell Heggen	Kinn Rødt
Tom André Vedvik Hopland	Kinn SP

<b>Forfall</b>	<b>Parti</b>	<b>Varamedlem</b>	<b>Parti</b>
Aud Norunn Vig	Kinn KrF	Nils Myklebust	

### Møtenotater:

#### Andre som møtte

Vest kontroll:  
Jostein Støylen, dagleg leiar.  
Jorunn Sandal, spesialrådgjever.  
Astrid Landsverk Sande, konsulent.

#### Kinn kommune:

Øyvind Bang-Olsen, kommunedirektør. I sakene OS002, PS023, PS024, og PS026.  
Rolf Bjarne Sund, kommunalsjef. I sak OS002 vedkomande utfylling på Nygårdstangen.

#### Synfaringar:

Orientering og synfaring på Kulatoppen omsorgssenter.

#### Ymse:

Sakene blei behandla i følgjande rekkefølge:  
PS021, PS022, OS002, PS023, PS024, PS026, PS025, OS003, PS029, PS030, PS031,  
PS027, PS028.


Møtet vart heva kl.11:32 for lunsj og omvisning på Kulatoppen omsorgssenter.

Møtet vart satt kl.13:30 for handsaming av resterande saker

Kjell Heggen  
Leiar i kontrollutvalet

## Sakliste

<b>Sak nr.</b>	<b>Sakstittel</b>
021/22	Godkjenning av innkalling og sakliste
022/22	Godkjenning av møteprotokoll
002/22	Kommunedirektøren - Orienteringar
023/22	1. tertialrapport 2022 med revidert budsjett - Kinn Kommune
024/22	Finans- og gjeldsforvaltning pr. 30.04.2022
025/22	Refererte skriv og meldingar
026/22	Offentlegheit i selskap og kommunale foretak
029/22	Rekneskap , årsmelding og revisjonsmelding ASVO Måløy AS
030/22	Nordfjord Havn IKS - 2021
031/22	Måløy Vekst AS - 2021
027/22	Vedtaksoppfølging for kontrollutvalet
028/22	Saker til eventuell seinare behandling
003/22	Orienteringsbesøk Kulatoppen omsorgssenter



## Kinn kommune

Arkiv: FE-033  
JournalpostID: 22/47579  
Sakshandsamar: Astrid Landsverk  
Sande  
Dato: 05.09.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
021/22	Kontrollutvalet	08.09.2022

### Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling og sakliste vert godkjent.

### Kontrollutvalet 08.09.2022:


#### Handsaming:

#### Røysting:

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes godkjent.

### KOUT- 021/22 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.



# Kinn kommune

**Arkiv:** FE-033  
**JournalpostID:** 22/46420  
**Sakshandsamar:** Astrid Landsverk  
Sande  
**Dato:** 25.08.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
022/22	Kontrollutvalet	08.09.2022

## Godkjenning av møteprotokoll

Møteprotokollen vert godkjent som den ligg føre.

### Kontrollutvalet 08.09.2022:

#### Handsaming:

#### Røysting:

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes godkjent.


#### KOUT- 022/22 Vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent som den ligg føre.

Møteprotokoll frå sist møte ligg i Politikerportalen og på Kinn kommune si heimeside.

#### Vedlegg i saken:

Protokoll - Kontrollutvalet - 15.06.2022



# Kinn kommune

**Arkiv:** FE-033  
**JournalpostID:** 22/47390  
**Sakshandsamar:** Astrid Landsverk  
Sande  
**Dato:** 02.09.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
002/22	Kontrollutvalet	08.09.2022

## Kommunedirektøren - Orienteringar

### Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet tek orienteringane frå kommunedirektøren til vitende.

### Kontrollutvalet 08.09.2022:

#### Handsaming:

Kommunedirektøren deltok på teams, orienterte og svarte på spørsmål. Nils Myklebust stilte spørsmål til kommunedirektøren vedrørende arbeidstilsynet si godkjenning av Holvik barnehage. Kommunedirektøren var ikkje varsla på førehand og vil kome tilbake til denne saka neste møte.

#### KOUT- 002/22 Vedtak:


Kontrollutvalet tek orienteringane frå kommunedirektøren til vitende.

#### Saksopplysningar:

Kommunedirektøren orienterer om følgjande saker:  
Datatryggleik jf. Rapport frå Stryn.  
Avtale Bistro To Kokker – sSamSamfunnshuset.  
Utfylling på Nygårstangen.

#### Vedlegg i saken:

Saker til kontrollutvalet - IKT tryggleik



# Kinn kommune

Arkiv: FE-033  
JournalpostID: 22/47527  
Sakshandsamar: Astrid Landsverk  
Sande  
Dato: 02.09.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
023/22	Kontrollutvalet	08.09.2022

## 1. tertialrapport 2022 med revidert budsjett - Kinn Kommune

### Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet tek 1. tertialrapport for 1. tertial 2022 til vitende.

### Kontrollutvalet 08.09.2022:

### Handsaming:

### KOUT- 023/22 Vedtak:

Kontrollutvalet tek tertialrapport for 1.tertial 2022 til vitende.

### Saksopplysningar:

1.tertialrapport 2022 for blir lagt fram for Kontrollutvalet slik at utvalet kan følgje med i den økonomiske utviklinga gjennom året.

Vi viser til kommunedirektøren sitt saksframlegg i kommunestyresak 091/22 og vedlegga til saka.

### Vurderingar:

Økonomien er krevjande. Kostnadane er høgre enn inntektene. Tiltak for å redusere kostnadane er sett i verk. Kommuneorganisasjonen er i omstilling. Omfattande bemanningsreduksjonar er planlagt dei kommande åra. Ein må bruke av disposisjonsfondet for å balansere rekneskapen.

Planlagt investeringsnivå er høgt. Rentehevingar gjer at den økonomiske belastninga er aukande. Auke i VAR-avgiftene er aktuelt som følgje av dette.

Spørsmålet om eventuell deling av kommunen gjer at nye investeringar ikkje blir starta opp før spørsmålet er avklara.

Sjukefråværet er høgt med 12,2 % i 1. kvartal. Fråværet er høgst blant helsefagarbeidarar, pedagogiske leiarar i barnehagar og teknisk driftspersonell.

Folketalet har auka med 8 personar 1. tertial, til 17 139 personar.

Kommunedirektøren og/eller kommunalsjef for økonomi vil vere i møte for å orientere og

svare på spørsmål.

Sakshandsamar: Jorunn Sandal  
Spesialrådgjevar

**Vest kontroll**

Dagleg leiar  
Jostein Støylen

**Vedlegg i saken:**

- 1 1. tertialrapport 2022, med revidert budsjett - Kinn kommune
- 2 e-post
- 3 Økte kostnader vatn og avløp
- 4 Effektivitetsbarometer
- 5 Momentur Prognosenotat



# Kinn kommune

Arkiv: FE-033  
JournalpostID: 22/47396  
Sakshandsamar: Astrid Landsverk  
Sande  
Dato: 02.09.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
024/22	Kontrollutvalet	08.09.2022

## Finans- og gjeldsforvaltning pr. 30.04.2022

### Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet tek tertialrapporten og finansrapporten for 1. tertial 2022 til vitende.

### Kontrollutvalet 08.09.2022:

### Handsaming:

### KOUT- 024/22 Vedtak:

Kontrollutvalet tek rapport over finans- og gjeldsforvaltning pr. 30.04.2022 til vitende.

### Saksopplysningar:

Rapport over finans- og gjeldsforvaltninga pr. 30.04.2022 blir lagt fram for Kontrollutvalet slik at utvalet kan følgje med i den økonomiske utviklinga gjennom året. Vi viser til kommunedirektøren og kommunalsjefen for økonomi sitt saksframlegg i kommunestyresak 092/22 og vedlegga til saka.

### Vurdering:

Det er ikkje tale om nye lån dei fire første månadane i 2022. Total lånegjeld er på 2,58 milliard. Kr. 1,3 milliard av dette er rentesikra. 50% av den langsiktige gjeld har fast rente. Sidan rentenivået i Norge er på veg opp er renterisikoen høg, noko som aukar den økonomiske belastninga. Kommuneleiinga vurderer finans- og gjeldsforvaltninga som tilfredstillande.

Kommunedirektøren vil vere i møte for å orientere og svare på spørsmål.

Sakshandsamar: Jorunn Sandal  
Spesialrådgjevar


### Vest kontroll

Dagleg leiar  
Jostein Støylen



**Vedlegg i saken:**

- 1 Hovuddokument kommunen - Rapport finans- og gjeldsforvaltningen Kinn kommune per 30.04.2022
- 2 Rapport finans- og gjeldsforvaltningen Kinn kommune per 30.04.2022.docx



# Kinn kommune

**Arkiv:** FE-033  
**JournalpostID:** 22/47580  
**Sakshandsamar:** Astrid Landsverk Sande  
**Dato:** 05.09.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
025/22	Kontrollutvalet	08.09.2022

## Refererte skriv og meldingar

Meldingane vert tatt til etterretning slik dei ligg føre.

### Underliggende sak:

008/22, FKT-Handtering av henvendelser til kontrollutvalet

009/22, Referat frå møtet 20.06 - Florø Hamn Kinn Kommune KF

010/22, Referat frå møtet 27.06 - Bordgleder KF

011/22, Referat frå møtet 27.06 - Havhesten KF

012/22, Referat frå møtet 27.06 - KURS KF

013/22, Arbeidsgjevaravgift kommunale føretak og RF-1022 Kinn kommune og kommunale føretak

## Kontrollutvalet 08.09.2022:

### Handsaming:


### Røysting:

Kommunedirektøren si tilråding samrøystes vedtatt.

### KOUT- 025/22 Vedtak:

Meldingane vert tatt til etterretning slik dei ligg føre.

Meldingane vert tatt til etterretning som dei ligg føre.



Saksnr.	Utval	Møtedato
026/22	Kontrollutvalet	08.09.2022

## Offentlegheit i selskap og kommunale foretak

### Dagleg leiar si tilråding:

Opplysningane om hovudtrekka i regelverket for offentleg innsyn hjå kommunalt eigde og interkommunale selskap vert teke til vitande.

### Kontrollutvalet 08.09.2022:

#### Handsaming:

#### KOUT- 026/22 Vedtak:

1. Opplysningane om hovudtrekka i regelverket for offentleg innsyn hjå kommunalt eigde og interkommunale selskap vert tatt til vitande.
2. Kontrollutvalet ber kommunestyret avklare om vedtaket om strøyming av kommunale møter også gjelder styremøter i KF og andre heileigde selskap.

#### Samandrag

For kommunalt eigde selskap og interkommunale selskap (IKS) gjeld unntak frå offentleglova i dei høve selskapet driv visse former for næringsverksemd.

Elles gjeld same reglar for offentlegheit og innsynsrett som i andre offentlege organ som fell inn under offentleglova. Det same gjeld pliktene frå sak til sak til å vurdere meiroffentlegheit.

#### Saksopplysningar:

## 1. Kontrollutvalet sitt vedtak

Frå kontrollutvalet sitt møte 15.06.2022:

### KOUT – 020/22 Saker til eventuell seinare behandling

**Vedtak:** Kontrollutvalet ber sekretariatet om ei sak vedrørande offentlegheit/meiroffentlegheit i dei selskapa / føretaka kommunen er

eigar /deleigar i.

## 2. Utgangspunkt og bakgrunn

Det kan vere grunn til å minne om det som er offentleglova sitt føremål:

*«Føremålet med offentleglova er å leggje til rette for at offentleg verksemd er open og gjennomsiktig, for slik å styrkje informasjons- og ytringsfridommen, den demokratiske deltakinga, rettstryggleiken for den enkelte, tilliten til det offentlege og kontrollen frå ålmenta.»*

(Justis- og beredskapsdepartementet: Om offentleglova, 05.10.2018)

**Offentleglova** er uttrykk for eit betydningsfullt prinsipp i den offentlege forvaltninga: Borgarane har krav på innsyn, med mindre det finst vektige grunnar som talar imot. Gjennom innsyn kan borgarane utøve kontroll med forvaltninga. Sjølv om lova i enkelte tilfelle gir høve til å gjere unntak frå innsyn, skal alle forvaltningsorgan likevel vurdere å gi helt eller delvis innsyn. Dette siste er prinsippet om såkalla meiroffentlegheit.

Offentleglova er dermed «målberar» av eit hovudprinsipp:

Dokument er offentlege dersom det ikkje finst grunn for å unnta dei frå offentlegheit (dokumentoffentlegheit).

Ålmenta har høve til å vere til stades i møter der saker vert drøfta eller avgjerder vert tatt (møteoffentlegheit).

Av andre former for innsynsrett kan nemnast partsoffentlegheit etter **forvaltningslova** (jfr. § 18) og utvida innsynsrett for folkevalde organ etter **kommunelova** (jfr. § 11-13).

Kontrollutvalet er pålagt å gjere sitt til at dette prinsippet fungerer i praksis.

Betydninga av retten til innsyn har auka i takt med at det offentlege har fått stadig fleire oppgåver, og i takt med at stadig fleire avgjerder blir delegerte til administrasjonen.

**Offentlegforskrifta** (av 17.10.2008 nr. 1119) gjev nærare reglar om bl.a. unntak frå offentleglova sitt verkeområde.

## 3. Nærare om selskap som heilt eller delvis er eigd av kommunen

I utgangspunktet gjeld offentleglova også for alle sjølvstendige rettssubjekt ( f.eks. selskap) som er kontrollerte av kommunar. Slik kontroll kan anten skje gjennom kommunalt eigarskap eller at kommunen har rett til å velja eit fleirtal av styremedlemene i rettssubjektet / selskapet.

For slike selskap finst det likevel ein del unntak, mellom anna for rettssubjekt / selskap som i hovudsak driv næringsverksemd i

konkurransen med private.

Kva organ offentleglova gjeld for går fram av § 2 i lova. Bestemminga slår fast at lova gjeld for offentlege organ, herunder kommunane. Alle som organisatorisk høyrer inn under den kommunale forvaltninga er såleis omfatta av lova, uavhengig av type verksemd.

Tenesteytande institusjonar som er offentlege, for eksempel skular, eldreheimar osv. er omfatta av lova dersom dei ikkje er organiserte som sjølvstendige rettssubjekt, som for eksempel aksjeselskap. Det same gjeld kommunale føretak etter kommunelova.

Når det gjeld sjølvstendige rettssubjekt, dvs. verksemder som ikkje organisatorisk er ein del av kommunen, vil desse heller ikkje kunne reknast som ein del av kommunen. Slike verksemder vil likevel kunne vere omfatta av lova dersom kommunen kan utøve ein dominerande påverknad over verksemda. Med dette meiner ein at kommunen har ein bestemmende innverknad på drifta i rettssubjektet. Lovgrunnlaget for dette er at dei forvaltar midlar og ressursar på vegne av ålmenta og bør difor også vere opne for innsyn.

Dette inneber m.a. at offentleglova, i følgje **§ 2 første ledd c)**, gjeld

- sjølvstendige rettssubjekt som har offentlege eigarar, medan **§ 2 første ledd d)** gjer lova gjeldande for
- sjølvstendige rettssubjekt der m.a. kommunen kan påverke gjennom sin rett til å velje medlemmer til det øvste organet i rettssubjektet, utan omsyn til eigartilhøve,

Sjølve lovteksten klargjer dette nærare, sjå følgjande utdrag:

## § 2. Verkeområdet til lova

«Lova gjeld for <https://min.reettsdata.no/>

.....

- c) sjølvstendige rettssubjekt der stat, fylkeskommune eller kommune direkte eller indirekte har ein eigardel som gir meir enn halvparten av røystene i det øvste organet i rettssubjektet, og*
- d) sjølvstendige rettssubjekt der stat, fylkeskommune eller kommune direkte eller indirekte har rett til å velje meir enn halvparten av medlemmene med røysterett i det øvste organet i rettssubjektet»*

Med «sjølvstendig rettssubjekt» tenkjer ein i første rekkje på selskap, for eksempel aksjeselskap. Det offentlege sine eigardelar skal leggjast saman når ein vurderer om kravet til eigardel er oppfylt. Eig eit offentleg organ

aksjar gjennom ein anna selskap, så skal også dette vurderast.

Her skal det likevel omtalast eit viktig unntak frå desse reglane:

«Næringsunntaket»

Eit rettssubjekt som oppfyller desse vilkåra (jfr. pkt. c) eller d) ovanfor) vil likevel ikkje vere omfatta av offentleglova dersom rettssubjektet hovudsakleg **driv næring** i direkte **konkurrans**e med og på same vilkår som private.

Dette går fram av andre ledd i § 2, som lyder:

*«Bokstavane c og d gjeld ikkje rettssubjekt som hovudsakleg driv næring i direkte konkurranse med og på same vilkår som private.»*

Dette er eit praktisk viktig unntak for til eksempel kommunal- eller interkommunalt eigde aksjeselskap.

### **Eksempel - BKK**

Energikonsernet BKK er offentlig eigd og driv med produksjon, overføring og omsetning av energi i dotterselskapa sine. Ein journalist hadde bede om innsyn i lønsutbetalingar, konsulentbruk, utanlandsreiser, anskaffingar frå nærstående mv., noko BKK AS av slo.

Grunngjevinga for avslaget var at selskapa driv næringsverksemd i direkte konkurranse med private aktørar, jfr. offentleglova § 2.

Statsforvaltaren (då fylkesmannen) i Vestland vedtok då i mars 2020 etter klage at morselskapet BKK AS (i energikonsernet BKK) er omfatta av offentleglova.

Fylkesmannen kom til at BKK AS ikkje i hovudsak driv næringsverksemd i direkte konkurranse med, og på same vilkår som private.

BKK AS var usamd i dette, og tok ut søksmål mot staten med krav om at fylkesmannen sitt vedtak skulle kjennast ugyldig.

I dom frå Bergen tingrett 23. november 2020 fekk staten likevel medhald.

Retten var samd med fylkesmannen og kom til at «BKK AS i det vesentlege utøver suveren, intern eigaraktivitet» som ikkje er utsett for konkurranse. Alle og einkvan kunne såleis etter retten si vurdering be om innsyn i dokumenta hjå morselskapet.

## **4. Meirinnsyn**

Offentleglova § 11 stiller krav om at organet /selskapet skal vurdere såkalla meirinnsyn. Lovteksten lyder slik:

### § 11. Meirinnsyn

*«Når det er høve til å gjere unntak frå innsyn, skal organet likevel vurdere å gi heilt eller delvis innsyn. Organet bør gi innsyn dersom omsynet til offentlig innsyn veg tyngre enn behovet for unntak.»*

Offentleglova § 11 pålegg alle organ som er omfatta av offentliglova ei plikt til å vurdere om eit dokument som **kan** haldast utanom innsyn likevel **bør** vere ope for offentlig innsyn, heilt eller delvis.

Organa, i dette tilfelle selskapa, «skal» vurdere om det bør givast innsyn ut over det dei har plikt til å gi etter lova (meirinnsyn).

Bakgrunnen for dette er at alle unntaksreglane i offentliglova, bortsett frå ved teieplikt, er såkalla «kan-reglar», noko som inneber at dei berre **gir høve**, inga plikt, til å gjere unntak frå innsyn for dokument eller opplysningar.

Det er difor viktig for å oppnå den tilsikta graden av openheit at verksemdar som er omfatta av lova reelt sett **vurderer** om det verkeleg er **behov** for å bruke «kan-unntaka» i det konkrete tilfellet. Dersom ikkje bør dei late vere å nekte innsyn når det ikkje ligg føre noko reelt og sakleg unntaksbehov.

Plikta til å vurdere meirinnsyn gjeld berre for dokument eller opplysningar som forvaltninga **kan** nekte innsyn i, det vil seie dokument eller opplysningar som dei har ein **rett** til å nekte innsyn i.

Dersom dokumentet inneheld opplysningar som er underlagde teieplikt, har forvaltninga

derimot ei **plikt** til å nekte innsyn, og organet kan difor ikkje gi meirinnsyn så langt teieplikta rekk.

## 5. Generelt om kommunale og interkommunale føretak

Eit kommunalt føretak er ikkje eit sjølvstendig rettssubjekt, men er likevel i stor grad frittståande i høve til kommunen si øvrige forvaltning. Det er kommunen åleine som eig det kommunale føretaket.

Eit eige vedtak i kommunestyret ligg til grunn for både opprettinga, val av styre og fastsetjing av vedtekter for det kommunale føretaket, jfr. kommunelova kap. 9.

Føretaket er ein del av kommunen og føretaket sitt styre er definert som eit kommunalt organ. Dette er underlagt kommunelova sine reglar for folkevalde organ, jfr. §§ 9-1 og 5-2.

Interkommunale føretak er ofte verksemder med forretningsprega verksemd. Slik drift har mindre behov for å utøve offentleg mynde.

Kommunelova §§ 5-1 og 5-2 reknar opp kva for folkevalde organ som kan opprettast i ei kommune og kva for namn desse skal ha. Interkommunale selskap (IKS) er ikkje mellom desse. Men representantskapet for eit kommunalt oppgåvefelleskap er eit folkevald organ.

## 6. Interkommunalt samarbeid, for eksempel interkommunale selskap (IKS) – offentleglov og møteoffentlegheit

Kommunelova reknar i § 17-1 opp dei ulike formene for interkommunalt samarbeid.

Dette er som regel sjølvstendige rettssubjekt med fleire eigarar.

Kommunelova gir saksbehandlingsreglar for kommunale folkevalde organ. Sentralt står

**møteoffentlegheitsprinsippet** som seier at møte skal vere opne, og at saksdokumenta skal vere offentlege. Etter kommunelova § 11-5 første ledd har alle rett til å vere til stades i møte i folkevalde organ, men møta kan eller skal i enkelte tilfelle lukkast

Interkommunale selskap organisert IKS-lova (L29.01.1999 nr. 6) er ikkje folkevalde organ, og saksbehandlingsreglane i kommunelova gjeld ikkje for dei. IKS-lova har eigne saksbehandlingsreglar for representantskapet og styret i selskapa

Det er ikkje eigne reglar om møteoffentlegheit i IKS-loven. Det betyr at møteoffentlegheitsprinsippet som følgjer av kommunelova § 11-5, som gjeld for organ i kommunar, kommunale føretak etter kommunelova kapittel 9 og representantskap og styringsorgan i interkommunale samarbeid etter kommunelova kapittel 18 og 19, ikkje gjeld for IKS.

Som nemnt ovanfor gjeld offentleglova også for sjølvstendige rettssubjekt der stat, fylkeskommune eller kommune

- anten direkte eller indirekte har ein eigardel som gjev meir enn



halvparten av  
røystene  
- eller har rett til å velje meir enn halvparten av medlemmene med  
røysterett i det  
øvste organet til rettssubjektet.

jfr. **offentleglova** § 2 første ledd første punktum bokstav c og d.

Vilkåret i bokstav c vil alltid vere oppfylt for IKS, då det berre er kommunar, fylkeskommunar og andre interkommunale selskap som kan vere deltakarar i eit IKS.

Men dersom verksemda samla sett hovudsakleg må seiast å drive med **næring i direkte konkurranse** med og på same vilkår som private, jfr. unntaket i offentleglova § 2, første ledd andre punktum, gjeld ikkje offentleglova for verksemda.

I vurderinga av om eit selskap er omfatta av unntaket for rettssubjekt som driv

næringsverksemd eller ikkje, er det sagt følgjande i Ot.prp. nr. 102 (2004–2005) på side

102:

«Etter departementet sitt forslag skal det ikkje skje noka slik vurdering av dei

enkelte delane av verksemda, men det avgjerande er om verksemda sett under eitt

hovudsakleg driv næringsverksemd i direkte konkurranse med private.

Dersom

dette er tilfellet og verksemda også driv på same vilkår som private, vil heile

verksemda falle utanom lova sjølv om mindre delar av verksemda ikkje er utsette

for konkurranse. På den andre sida vil lova gjelde for heile verksemda sjølv om

nokre delar av verksemda er konkurranseutsette så lenge verksemda ikkje

hovudsakleg driv næringsverksemd i direkte konkurranse med private.»

IKS som er omfatta av offentleglova, vil ha plikt til å gje innsyn i saksdokumenta til selskapet.

## 7. Oversikt over eigarskap

Frå dokument for **eigarstrategi**, vedtatt den 06.11.2019 i Kinn kommunestyre, sak 035/19:

	Selskap, selskapsform	Prosent	Verksemd	
--	-----------------------	---------	----------	--

		<b>eigardel</b>	
	<b>Aksjeselskap</b>		
1	Sogn og Fjordane Energi AS	4,64	Kraftproduksjon
2	Firda Billag AS	14,47	Transport
3	Firdavegen 1 AS	6,25	Eigedom
4	Kystvegen Måløy – Florø AS	36,00	Samferdsle
5	Aksello AS	11,43	Næringsutvikling
6	Grovastøylen AS	16,70	Idrettsanlegg
7	Oriqod AS	31,02	Arbeids- og inkluderingsverksemd
8	Sunnlab AS	10,00	Teknisk prøving og analyse
9	Botnaneset Industriselskap AS	1,25	Eigedom
10	Sunnfjord Drift AS	0,00	Arbeids- og inkluderingsverksemd
11	Florø Parkering AS	100,00	Parkering
12	Visit Fjordkysten AS	35,14	Reiseliv
13	Midtvegen 615 AS	22,22	Samferdsle
14	Ytre Sunnfjord Holding AS	3,25	Eig aksjar i Firdavegen 1 AS
15	Måløy Vekst AS	4,48	Næringsutvikling
16	Vågsøy Parkering AS	100,00	Parkering
17	Nordfjordhallen Drift AS	100,00	Idrettsanlegg. Inv.
18	ASVO Måløy AS	100,00	Arbeids- og inkluderingsverksemd
19	Opplæringsfartøy AS	0,13	Anna undervisning
20	Muritunet AS	0,03	Rehabilitering og opptreningsinstitusj.
21	Hareid Fastlandssamband AS	0,01	Samferdsle
22	Fjord Norge AS	0,24	Turistkontor og destinasjonselskap
23	Visit Nordfjord AS	0,58	Turistkontor og destinasjonselskap
24	Rovdefjordsambandet AS	1,53	Samferdsle
25	Måløy Vekst Fiber AS	2,00	Kabelbasert telekommunikasjon
26	Furene AS	0,71	Arbeidstrening og tilrettelagt arbeid
27	Kinn Holding AS	100,00	Kjøp og sal av aksjar i energiselskap
28	Vitensenteret i Sogn og Fj. AS	3,27	Etablere og drive Vitensenteret i SFj.
	<b>Interkommunale selskap</b>		
29	Nordfjord Miljøverk IKS	41,04	Interkommunalt renovasjonselskap
30	Nordfjord Havn IKS	48,00	Interkommunalt hamneselskap
31	Alarmsentralen i Sogn og F AS	10,95	Mottak, formidling mld. brann, ulykk.
	<b>Pensjonskasse</b>		
32	Eigenkapitalinnskott KLP		Pensjonskasse
	<b>Kommunale føretak</b>		
33	Havhesten Flora kommune KF	100,00	Kommunalt badeanlegg

34	Flora Hamn KF	100,00	Drift av hamne- og kaianlegg	
35	KF Innvandrarsenteret i Flora	100,00	Innvandring- og flyktningarbeid	
36	Flora Bordgleder KF	100,00	Kommunalt kjøkken	

## 8. Kort oppsummering om innsynsrett

Saksdokument, journalar og liknande register for selskap er som utgangspunkt opne for innsyn dersom ikkje anna følgjer av lov eller forskrift med heimel i lov, jf. offentleglova § 3, og einkvan kan krevje innsyn. Med «liknande register» som journal vert meint postlister, saks- og dokumentoversiktar og liknande. Den som opplysningane gjeld eller som er part i ei sak vil også kunne ha rett til innsyn etter andre reglar, for eksempel personopplysningslova.

Opplysningar underlagde teieplikt er unnatekne frå innsyn, jfr. offentleglova § 13, for eksempel personlege forhold. Det same gjeld næringsopplysningar av konkurransemessig betydning, jfr. forvaltningslova § 13.

Innsynsretten gjeld ikkje enkelte organinterne dokument, jfr offentleglova § 14. Det kan vidare gjerast unntak frå innsyn i opplysningar når det er påkravd av omsyn til ei forsvarleg gjennomføring av økonomi-, løns-, eller personalforvaltninga til selskapet, jf. offentleglova § 23 første ledd.

Tilbod og protokoll etter anskaffingsregelverket kan unnatakas inntil val av leverandør er gjort, jfr. offentleglova § 23 tredje ledd. Det kan også gjerast unntak frå innsyn for opplysningar når unntak er påkravd fordi innsyn ville lette gjennomføringa av straffbare handlingar, jfr. offentleglova § 24 tredje ledd.

Når det er høve til å gjere unntak frå innsyn, skal selskapet likevel vurdere å gi heilt eller delvis

innsyn, jfr. offentleglova § 11 (**meirinnsyn**). Selskapet bør gi innsyn dersom omsynet til innsyn veg tyngre enn behovet for unntak.

Meirinnsyn skal altså vurderast når det etter unntaksreglane i lova er høve til heilt eller delvis å nekte innsyn i eit dokument og dette ikkje inneheld opplysningar som er underlagde teieplikt.

## 9. Forslag til endringar i IKS-lova


Kommunal- og distriktsdepartementet sende i mai 2022 på høyring forslag til endringar i lov 29. januar 1999 nr. 6 om interkommunale selskap (IKS-lova).

Departementet foreslår auka møteoffentlegheit og innsyn i IKS som er omfatta av offentleglova, mellom anna ved at representantskaps- og styremøte skal følgje dei same

reglane om opne og lukka møte som møta i kommunale organ,  
kommunale føretak og  
interkommunale samarbeid etter kommunelova.

Saksbehandlar  
Kjetil Kvammen  
Juridisk rådgjevar

**Vest kontroll**  
Dagleg leiar  
Jostein Støylen



# Kinn kommune

Arkiv: FE-033  
JournalpostID: 22/47653  
Sakshandsamar: Astrid Landsverk  
Sande  
Dato: 05.09.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
029/22	Kontrollutvalet	08.09.2022

## Rekneskap , årsmelding og revisjonsmelding ASVO Måløy AS

### Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet tek årsrekneskapen til vitende.

### Kontrollutvalet 08.09.2022:

#### Handsaming:

#### KOUT- 029/22 Vedtak:

Kontrollutvalet tek årsrekneskapen til vitende.

#### Saksopplysningar:

Kontrollutvalet skal i samsvar med Kommuneleva § 23-6 og Forskrift for Kontrollutval §13 sjå til at det blir ført kontroll med kommunen sine interesser i selskap.

Dagleg leiar og styreleiar har vore i Kontrollutvalet og orientert kvar haust dei siste åra. Sidan det ikkje er spesielle forhold i selskapet, tenker vi i år å avgrense det til at Kontrollutvalet får framlag siste årsrekneskap og revisjonsmelding.

Vi vil peike på følgande vesentleg informasjon i årsrekneskapen:

- ASVO Måløy AS sitt formål er å avklare, vedlikehalde og utvikle arbeidsevna til enkeltpersonar i samarbeid med NAV. Dette gjerast gjennom varig tilrettelagt arbeid og førebuing til arbeid i den ordinære arbeidsmarknaden.
- Selskapet er eit heileigd aksjeselskap av Kinn Kommune. Formannskapet utgjer generalforsamlinga.
- Inntektene i 2021 er på 11,4 mill.kr., mot 9,3 mill. i 2020 og 2019. Auken

på 23 % skuldast prisauke på papp og papir på verdsmarknaden.

- Vare- og lønnskostnadane har også auka, men vesentleg mindre enn omsetningsauken. Difor har selskapet vesentleg betre økonomisk resultat enn dei siste åra.
- Årsresultatet dei siste åra:
  - I 2021 var overskotet kr. 714 000
  - I 2020 var årsunderskotet kr. 87 000
  - I 2019 var årsoverskotet kr. 390 000
  - I 2018 var årsoverskotet kr. 142 000
  - Selskapet er ikkje skattepliktig.
- Sjukefråværet er i 2021 på 17,2 %. Av dette er 15,3 % langtidsfråver. Fråværet i 2020 var lavt, med 2,8 %.

### **Vurdering og konklusjon:**

- Eigenkapital pr. 31.12.2021 på kr. 7 mill. utgjer 60,6% av summen av gjeld og eigenkapital. Ved utgangen av 2020 og 2019 var eigenkapitalprosenten 59 og 58 %. Dette kan ein sjå på som eit svært solid økonomisk støytpute.
- Selskapet har hatt stødig og god leiing i mange år.
- Dersom medlemmane i Kontrollutvalet har spørsmål, blir det vidareformidla til dagleg leiar.


Saksbehandlar: Jorunn Sandal  
Spesialrådgjevar

### **Vest kontroll**

Dagleg leiar  
Jostein Støylen

### **Vedlegg i saken:**

220322 Årsrekneskap og årsmelding signert  
Årsrapport 2021 ASVO Måløy AS  
Uavhengig revisors beretning for 2021  
220510 Protokoll GT 2022 sign



# Kinn kommune

Arkiv: FE-033  
JournalpostID: 22/47694  
Sakshandsamar: Astrid Landsverk  
Sande  
Dato: 05.09.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
030/22	Kontrollutvalet	08.09.2022

## Nordfjord Havn IKS - 2021

### Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet tek den økonomiske informasjonen for 2021 til vitende.

### Kontrollutvalet 08.09.2022:

#### Handsaming:

#### KOUT- 030/22 Vedtak:

Kontrollutvalet tek den økonomiske informasjonen for 2021 til vitende.

#### Informasjon:

Hamnedirektøren og styreleiaren har vore invitert til Kontrollutvalet dei siste åra for å orientere. I år avgrensar vi dette og legg fram årsrekneskapen m.m.

#### Saksopplysningar:

Kontrollutvalet skal i samsvar med Kommuneleva § 23-6 og Forskrift for Kontrollutval §13 sjå til at det blir ført kontroll med kommunen sine interesser i selskap.

Vi vil peike på følgande vesentleg informasjon:

- Nordfjord Havn IKS sitt formål er å:
    - ivareta og samordne kommunal hamnedrift innan sitt område
    - bidra til kostnadseffektive og konkurransedyktige hamnetilbod
    - ivareta administrative- og forvaltningsmessige oppgåver etter hamne- og forvasslova mm.
  
  - Selskapet er eit deleigd av Kinn Kommune. Eigarfordelinga er slik:
    - Kinn Kommune 48 %
    - Stryn Kommune 26 %
    - Stad Kommune 13 %
    - Gloppen Kommune 13 %
- Kommunen har vedteke å gå ut av Nordfj Hamn

- Salsinntektene er ca. 2 mill. lavare enn i 2020 og ca. 1 mill. lavare enn budsjettert. Frå 2019 til 2020 var inntektsnedgangen vesentleg høgre med 8,5 mill. Nedgang sidan 2019 skuldast pandemien.
- Årsresultatet blei ca. 1,4 lavare enn i 2020, og enda på ca. kr. 3,1 mill. Resultatet blei 200 000 kr. høgre enn det som var budsjettert.
- Inntektene og det økonomisk resultat er påverka av pandemien.
- Selskapet er friteke frå skatteplikt.

#### **Vurdering:**

- Selskapet sitt årsresultat utgjer 15 % av inntektene. I 2020 utgjorde årsresultatet 20% av driftsinntektene, i 2019 30%.
- Eigenkapital pr. 31.12.2021 på kr. 69,1 mill. utgjer 30,7 % av totalkapitalen, dvs. av summen av gjeld og eigenkapital. Ved utgangen av 2020 utgjorde den ca. 30 % av totalkapitalen. Dette kan seiast å vere ei tilfredstillande støtpute.

Saksbehandlar: Jorunn Sandal  
Spesialrådgjevar

#### **Vest kontroll**

Jostein Støylen

Dagleg leiar




**Vedlegg i saken:**

25.05.22 - Hamnerådet

Møtebok Havneråd 01-22

Nordfjord Havn IKS regnskap med noter

Revisors beretning



# Kinn kommune

**Arkiv:** FE-033  
**JournalpostID:** 22/47801  
**Sakshandsamar:** Astrid Landsverk  
Sande  
**Dato:** 06.09.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
031/22	Kontrollutvalet	08.09.2022

## Måløy Vekst AS - 2021

### Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet tek informasjonen i årsrekneskapen til vitende.

### Kontrollutvalet 08.09.2022:

#### Handsaming:

### KOUT- 031/22 Vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen i årsrekneskapen til vitende.

### Informasjon:

Dagleg leiar og styreleiar har vore invitert til kontrollutvalet dei siste åra for å orientere om selskapet og å svare på spørsmål. I år avgrensar vi dette til å legge fram siste årsrekneskap.

### Saksopplysningar:

Kontrollutvalet skal i samsvar med kommunelova § 23-6 og forskrift for kontrollutval § 13 sjå til at det blir ført kontroll med kommunen sine interesser i selskap.

Vi vil peike på følgande vesentleg informasjon:

- Måløy vekst AS er næringslivet og Kinn Kommune sitt felles organ for langsiktig samfunns- og næringsutvikling. Måløy Vekst sitt formål er å:
  - Skape vekst i næringslivet
  - Skape bu-lyst i kommunen
  - Drive med grunder-rettleiing
  - Yte service overfor næringslivet
  - Vere samfunnsbyggjar
- Selskapet er deleigd av Kinn Kommune med 34 % av aksjane. Selskapet har i tillegg ca. 80 bedrifter i tidlegare Vågsøy kommune som aksjonærar.

Ordføreren er styremedlem.

- Driftsinntektene har auka med kr. 758 000 frå 2020. Medan driftskostnadane gjekk opp med kr. 321 000.
- Både driftsresultatet og årsresultatet har auka med ca. 440 000 kr. Årsoverskotet enda på kr. 253 000.
- Årsmelding frå styret er ikkje utarbeida.
- Selskapet er friteke frå skatteplikt.

### **Vurdering.**

Eigenkapitalen pr. 31.12.2021 er på kr. 1 098 000 som utgjer 62 % av totalkapitalen, dvs. summen av gjeld og eigenkapital. Dette forholdstalet kallast eigenkapitalprosent og soliditet. Pr. 31.12.2020 var dette forholdstalet 60 %. Og ved utgangen av 2019 var det heile 75 %. Vi vurderer dette som svært bra.

Saksbehandlar: Jorunn Sandal  
Spesialrådgjevar


### **Vest kontroll**

Jostein Støylen

Dagleg leiar

### **Vedlegg i saken:**

Årsregnskap Måløy Vekst- signert  
Revisors beretning



# Kinn kommune

Arkiv: FE-033  
JournalpostID: 22/47377  
Sakshandsamar: Astrid Landsverk  
Sande  
Dato: 02.09.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
027/22	Kontrollutvalet	08.09.2022

## Vedtaksoppfølging for kontrollutvalet

### Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet tek gjennomgangen av vedtaksoppfølginga til vitende.

### Kontrollutvalet 08.09.2022:

#### Handsaming:

#### KOUT- 027/22 Vedtak:


Kontrollutvalet tek gjennomgangen av vedtaksoppfølginga til vitende.

#### Saksopplysningar:

Status over sakene går fram av vedtaksoppfølginga, sjå vedlegg.

#### Vedlegg i saken:

Vedtaksoppfølging



## Kinn kommune

**Arkiv:** FE-033  
**JournalpostID:** 22/47540  
**Sakshandsamar:** Astrid Landsverk  
Sande  
**Dato:** 02.09.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
028/22	Kontrollutvalet	08.09.2022

### Saker til eventuell seinare behandling

#### Kontrollutvalet 08.09.2022:

##### Handsaming:

##### **KOUT- 028/22 Vedtak:**

1. Kontrollutvalet ber kommunestyret pålegge styrene i dei kommunale føretaka å gjere vedtak i forkant dersom det skal ytast godtgjersle til styremedlemmer for arbeid utover det som ligg til styrefunksjonen.
2. Kontrollutvalet ber kommunedirektøren orientere om status og fristar frå Arbeidstilsynet i samband med brannstasjonar i Måløy og Florø.

##### **Saksopplysningar:**

Sekretariatet har ikkje motteke opplysningar om saker til seinare behandling.



# Kinn kommune

**Arkiv:** FE-033  
**JournalpostID:** 22/47630  
**Sakshandsamar:** Astrid Landsverk  
Sande  
**Dato:** 05.09.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
003/22	Kontrollutvalet	08.09.2022

## Orienteringsbesøk Kulatoppen omsorgssenter

### Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet tek orienteringane til vitende.

### Kontrollutvalet 08.09.2022:

#### Handsaming:

Avdelingsleiar Lise-Sofi Brunsvik orienterte og viste kontrollutvalet rundt på Kulatoppen omsorgssenter.

#### KOUT- 003/22 Vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringane til vitende.

#### Bakgrunn for saka:

Kontrollutvalet gjer seg kjend med kommunen sine institusjonar.

#### Saksopplysningar:

Kontrollutvalet vil få omvising og generell orientering.